



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

26.03.2026

Vår ref:

2021/4487

Dykkar dato:

Dykkar ref:

LINGALAKS AS
Grovaabrotet 8
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hedda Dugstad Østgaard, 5557 2052

Vedtak om avslag på søknad om utsleppsløyve for Lingalaks AS ved lokalitet Ytre Samlen i Kvam kommune

Statsforvaltaren vurderer at det er risiko for irreversibel skade på sterkt trua bambuskorallskog ved Ytre Samlen, og føre-var-prinsippet etter § 9 i naturmangfaldlova vert gjeldande.

Oksygenkonsentrasjonen i djupvatnet i Hardangerfjorden har hatt ei negativ utvikling over mange år. I Samlafjorden har tilstanden historisk vore svært god, og er no i ferd med å gå frå god til moderat. Utsleppa det er søkt om ved Ytre Samlen vil etter vår vurdering bidra til å auke den samla belastninga på fjorden. Auka organiske utslepp til fjorden vil saman med temperatúrauke bidra til å forsterke den negative trenden for oksygen i djupvatnet. Som følge av store sinkutslepp til Hardangerfjorden er tilstanden for sink på eit kritisk nivå, og fleire vassførekomstar ser ikkje ut til å nå måla som er satt i vassforskrifta. Vår vurdering er at ei auke i utslepp til ein resipient som allereie er belasta ikkje er forsvarleg.

Etter ei samla vurdering avslår difor Statsforvaltaren søknaden frå Lingalaks AS om løyve til akvakultur ved Ytre Samlen i Kvam kommune.

Vi viser til søknad frå Lingalaks AS datert 02.03.2021.

Vedtak

Statsforvaltaren avslår søknaden frå Lingalaks AS om løyve til produksjon av 2060 tonn laks og aure ved Ytre Samlen. Vedtak om avslag er gjort med heimel i forureiningslova § 11.

E-postadresse:

sfvlpost@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger

Solheimsgaten 13, Bergen

Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.statsforvalteren.no/vi

Org.nr. 974 760 665



Varsel om gebyr

Lingalaks AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Vi tar gebyr for arbeid med løyve som skal dekke vår ressursbruk. På bakgrunn av opplysningane gitt i søknaden, og sakshandsamingstida som har gått med, er gebyret fastsett til 141 900 kr. Varsel og vedtak om gebyr blir gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

Eventuelle merknader til varselet må sendast innan tre veker. Deretter gjer vi vedtak om gebyr og faktura blir sendt ut frå Miljødirektoratet.

Kort om bakgrunnen for saka

Lingalaks AS søker om løyve til produksjon av laks og aure med ein maksimal tillatt biomasse (MTB) på 2060 tonn ved Ytre Samlen. Verksemda ynskjer å flytte produksjonen frå lokalitetane 10338 Djupevik og 12018 Rossholmen til Ytre Samlen.

Anlegget er planlagt plassert søraust for Kvamsøy. Anlegget er teikna som eit rammeanlegg med totalt 8 bur, der totalt areal med flåte utgjer 90 000 m². Det vert planlagt for ein produksjonssyklus på 24 månader og brakklegging mellom generasjonar. Planlagd årleg produksjon er 2000 tonn, med eit forventa årleg fôrforbruk på 2600 tonn.

Korrespondanse

Søknaden vart oversendt frå Vestland fylkeskommune den 16.03.2021. Gransking av sårbar natur med undervassdrone vart ettersendt den 13.04.2021. Uttale frå Kvam Herad og merknader frå høyringa vart ettersendt den 22.06.2021.

Kartlegging av sårbar natur dokumenterte naturtypen bambuskorallskog. Verksemda kontakta Statsforvaltaren for å be om eit møte om alternativ plassering. Dette sporet vart ikkje følgt opp nærare. Sidan har det ikkje vore framgang i saka.

Statsforvaltaren sette alle nye søknader i Hardangerfjorden på vent våren 2023 i påvente av nytt kunnskapsgrunnlag, med bakgrunn i Statsforvaltaren si uro for miljøtilstanden i fjorden¹. Den 05.11.2025 vart rapporten «Hardangerfjorden under press» frå Havforskningsinstituttet publisert. Statsforvaltaren har på bakgrunn av dette teke opp att handsaminga av søknadene i det aktuelle området, inkludert søknaden ved Ytre Samlen.

Rettsleg grunnlag

Forureiningsforskrifta kapittel 34

I februar 2024 tok nytt regelverk i forureiningsforskrifta kapittel 34 (akvakultur av fisk) til å gjelde. Dette inneber at løyve etter forureiningslova for å førebyggje og redusere forureining og avfallsproblem frå akvakultur vert erstatta av standardkrav i akvakulturdriftsforskrifta.

Statsforvaltaren kan i nokre tilfelle framleis bestemme at oppdrettsanlegg ikkje kan driftast utan løyve etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta § 34-2 andre ledd bokstav a til d. Dette gjeld dersom lokaliteten ligg i ein vassførekomst der tilstanden er klassifisert som dårlegare enn god (a),

¹ Nettsak frå Statsforvaltaren i Vestland, [Eutrofiering av Hardangerfjorden](#). Publisert 13.10.2023.



dersom trua eller viktig marin natur kan bli negativt påverka av utsleppa (b), dersom ein finn grunn til å tru at utsleppa vil medverke til at resipienten si tolegrense overskridast (c), eller dersom andre særlege forhold tilseier det (d).

Søknader som vart sendt inn før regelverksendringane, og som låg inne til handsaming hos Statsforvaltaren, vert også handsama etter dette nye regelverket.

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining, haldne saman med fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver myndigheit. Vidare skal miljørettsprinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast.

Merknader og vedtak i Kvam herad

Kvam heradsstyre vedtok den 18.06.2021 at dei juridiske rammene for etablering av anlegget er på plass, og at anlegget kan lokalisast i samsvar med kommuneplanen sin arealdel slik heradsstyret har vedtatt.

Heradsstyret ber i sitt vedtak om at ei rekke vilkår vert tekne med i etableringa av akvakultur;

- *Det må setjast krav til nullvisjon for alle typar utslepp, så snart det er mogleg.*
- *Inntil målet om nullutslepp er nådd, må det setjast krav til oppfylging og dokumentasjon av utsleppa i frå lokaliteten i høve til korallalar og blålange i nærområdet, som er eller kan verta trua raudlisteartar 2021. Dokumenterte påverknader i negativ lei på korallforekomstane, gyteområde eller fisk, må følgjast opp med avbøtande tiltak, som t.d. flytting av anlegget.*



- *Det vert gjennomført ei vurdering av innkorting på ankringspunkta, jf fiskarlaget ankring nr 13, 14 og 15*
- *Det vert sett krav om at nytt visningssenter ved Kvamsøy skal ha høg arkitektonisk kvalitet.*

Søknaden har vore lagt ut til offentlig ettersyn, og det kom inn 13 merknader til søknaden. I korte trekk gjeld merknadane verknad på miljø og artsmangfald, konflikt med reiseliv og lokalsamfunn, krav om teknologi, planverk, fiskeri og forvaltning. Statsforvaltaren har i dette vedtaket vurdert forureiningsrelevante tema som vert løfta i vedtak frå kommunen og i innsendte merknader.

Statsforvaltaren si vurdering

Grunngjeving for handsaming av søknaden etter forureiningslova

Statsforvaltaren har vurdert søknaden med tilhøyrande dokumentasjon, og har kome fram til at lokaliteten Ytre Samlen i Kvam kommune ikkje kan forskriftsregulerast, men må handsamast etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta § 34-2 andre ledd bokstav a, b og c. Statsforvaltaren finn grunn til å tru at marine naturtypar som er trua kan bli negativt påverka av forureining frå verksemda. Ytre Samlen er også plassert i ein vassførekomst med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand, og målingar av oksygen i djupvatnet i fjorden har vist negativ trend over lang tid.

Produksjon, utslepp og plassering

Eit anlegg som brukar 2 600 tonn fôr for å produsere 2 000 tonn matfisk over eit år vil ha årlege utslepp av organisk stoff som svarer til ureinsa kloakk frå om lag 30 000 innbyggjarar (personeiningar, PE). Dei største organiske partiklane vil sedimentere lokalt der lokale straummønster påverkar retning for sedimentering og resuspensjon, medan små partiklar kan spreiaast over større avstandar.

Anlegget er planlagt plassert over bratt skrånande botn, søraust for Kvamsøy. Botnen skråar ned til eit platå sør for anlegget på om lag 450 meters djup. I aust skråar botnen ned til 850 meters djup. Straumen på spreingsdjupet (115 m) hadde i måleperioden hovudretning mot sørvest, med middels sterk gjennomsnittleg hastigheit (5 cm/s)².

Utsleppa frå anlegget vil gå til Samlafjorden, som ligg i indre deler av Hardangerfjorden. Hardangerfjorden er lang, og har fleire djupbasseng som er skild av tersklar med ulik djupne (figur 1). Den ytste terskelen er om lag 150 m djup, der E39 går i tunell under Bømlafjorden frå Stord til Sveio. Sør for Huglo, ved overgangen til Husnesfjorden, er det også ein terskel på om lag 150 m. Djupna i fjordbassenget aukar gradvis innover fjorden, frå om lag 400 m til om lag 650 m i Kvinnheradsfjorden, Sildafjorden og Hissfjorden. I Hissfjorden, ved Vikingnes, er det ein djup terskel på om lag 520 m. Herifrå aukar djupna ytterlegare, og i Samlafjorden er fjordbassenget om lag 850 meter djupt.

² Strømmålinger ved Kvamsøy, Lingalaks AS. DNV-GL AS, rapportnummer 2020-4016.



Figur 1. Hardangerfjorden med dei største vassførekomstane som utgjør fjorden. Ytre Samlen er merka med ein raud ring. Tersklar er teikna inn med raude strekar, ved Otterøya og Huglo (1 og 2 - 150m, Vikingsneset (3 – 520m), Etnefjorden (4 – 60m) og Sjørfjorden (5 – 250m). Kart henta frå overvåkingsprogram for Hardangerfjorden 2024 – 2026³.

Vurdering av organiske utslepp ved flytting av produksjonen

Flytting av produksjonen frå lokalitetane Rossholmen og Djupevik til Ytre Samlen vil ikkje medføre ei auke i maksimal tillaten biomasse (MTB), men produksjonen det vert søkt om ved Ytre Samlen er større enn den produksjonen som har vore ved dei to lokalitetane som Ytre Samlen er tenkt å erstatte. Den årlege produksjonen ved dei to anlegga har i snitt vore omkring 1070 tonn dei siste ti åra. Anlegget er planlagt i sone med utsett i partalsår. Med ein produksjonssyklus på 24 månader vil produksjonen vere høgast i oddetalsår. Statsforvaltaren har ikkje ytterlegare informasjon som korleis produksjonsregimet er tenkt ved Ytre Samlen. Planlagt årleg produksjon ved Ytre Samlen er 2 000 tonn ved bruk av 2 600 tonn fôr, altså om lag ei dobling av den produksjonen som har vore ved dei to anlegga. Det nye anlegget ved Ytre Samlen vil truleg mogleggjere ei meir intensiv drift og slik medføre ein auke i utslepp, dette til trass for at MTB-grensa ikkje aukar.

³ Overvåkingsprogram for Hardangerfjorden 2024-2026. Årsrapport 2025. Multiconsult. Dokumentkode: 10254166-01-RIM-RAP-002.



Vurdering av marint naturmangfald

Området ved Ytre Samlen er kartlagt med undervassdrone (ROV) ved åtte søkelinjer innafor 1 km frå planlagt anleggsplassering. Arten bambuskorall (*Isidella lofotensis*) var mest talrik, og danna i fleire område den raudlista naturtypen bambuskorallskogbotn. Naturtypen vart registrert på blautbotn i hovudretning for spreingsstraumen sør-sørvest for anlegget. Avstand mellom anlegg og naturtypen var over 500 meter. På fast fjell vart det registrert koloniar av kjøttkorall, sjøbusk, *Muriceides kuekenhali*, *Anthothelidae* og hydrokorall.

Utdrag frå samandraget i rapporten; *Negativ påvirkning fra oppdrettsaktivitet på korallforekomster er ventet å være hovedsakelig fra sedimentering fra partikulære materiale og legemidler tilsatt fôr. Strømmålinger i området indikerer spredning av organisk materiale i sørvestlig retning. Avhengig av strømhastighet, bunntopografi og synkehastigheten til organiske partikler antas det at koraller opp til 1 km fra anlegg kan påvirkes av sedimentering. En kan dermed ikke utelukke eventuelle påvirkninger på bambuskorallforekomstene funnet i dette området*⁴.

Naturtypen bambuskorallskog fekk nytt namn i samband med oppdateringa av norsk raudliste for naturtypar som vart ferdig i 2025, og heiter no «Djup hornkorallskog på mudderbotn i atlantisk vatn». Naturtypen er vurdert til sterkt trua (EN) med bakgrunn i avgrensa geografisk utbreiing. Naturtypar som er sterkt trua har svært høg risiko for å gå tapt i Norge.

Akvakultur er saman med botntråling vurdert som faktor for påverknad på naturtypen; *Havbruk kan også påvirke naturtypen, særlig i fjordene. Så vidt vi vet finnes det ingen spesifikke studier om virkningen av akvakultur på I. lofotensis. Men gitt økende indikasjoner på påvirkning på andre koraller og svamper (Dunlop et al. 2021, Kutti et al. 2022, Laroche et al. 2022), er det sannsynlig at det er en viss forringelse når naturtypen står nær oppdrettsanlegg (for eksempel innen 1 km). Dette er drevet av organisk fekal utslipp fra oppdrettsanlegg, som endrer næringstoffnivåer og øker eksponering for tungmetallpartikler og sedimentasjonsrater, hvilket har en negativ effekt på helse og overlevelse hos marine bunndyr, særlig suspensjonsfødende organismer*⁵.

Koralldyr er svært sårbare for utslepp av organiske partiklar frå matfiskanlegg, og bruker lang tid på å reetablere seg etter påverknad⁶. Fordi korallar er fastsitjande og veks svært langsamt har dei ein låg motstandsdyktigheit mot endring i lokale miljøforhold. Statsforvaltaren er ikkje kjent med spesifikke studiar som tek for seg korleis naturtypen djup hornkorallskog på mudderbotn i atlantisk vatn responderer på påverknad i form av utslepp frå akvakultur.

Statsforvaltaren vurderer at det er høg risiko for irreversibel skade på sterkt trua natur, og føre-var-prinsippet etter § 9 i naturmangfaldlova vert gjeldande ved Ytre Samlen. Når vi ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om effektane eit tiltak vil ha på naturmangfaldet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Om ein skade er vesentleg vil avhenge av ein konkret vurdering av blant anna kor omfattande skaden vil bli, om skaden er varig eller forbigåande og kor trua eller verdifullt naturmangfaldet som kan bli utsett for skade er. Funna ved Ytre Samlen inngår i naturtype som er vurdert til sterkt trua på norsk raudliste for naturtypar. Målt straum på spreingsdjup har hovudretning mot korallførekomstane, og skrånande botn frå anlegget gjer grunn til å tru at partikulære utslepp kan spreiaast over større avstandar. Risiko for påverknad på korallskogen vurderast som høg. Statsforvaltaren vurderer at det føreligg ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturtypen som må reknast som vesentleg.

⁴ Undersøkelse av korallforekomst ved Ytre Samlen. Åkerblå AS, rapportnummer 102512-02-001.

⁵ Norsk rødliste for naturtyper 2025, Dyp hornkorallskog på mudderbunn i atlantisk vann. Tilgjengeleg via [Artsdatabanken](#). Sist endra fredag 31. oktober 2025.

⁶ Hardangerfjorden under press, Utslipp og miljøtilstand. Rapport fra havforskningen NR. 2025-66.



Tilstand i resipienten

Statsforvaltaren vurderer at det føreligg tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om dagens miljøtilstand i i resipienten, jf. naturmangfaldlova § 8.

Utslepp til Hardangerfjorden

Hardangerfjorden har ei lang historie med store utslepp, i første rekke frå tungindustrien inst i Sør fjorden og i Samlafjorden. Dei siste femti åra har det vore ei auke i tilførsler av næringssalt og organisk materiale, i hovudsak som følge av framveksten av ei stor akvakulturnæring. Medan den naturlege bakgrunnsavrenninga til fjorden har vore stabil, har utsleppa frå akvakultur tredobla seg frå 90-talet og fram til i dag. I same periode har tungindustrien redusert sine utslepp av tungmetall til fjorden. Det er to hovudfaktorar som har påverknad på fjordsystemet: klimaendringane og tilførsler (utslepp) frå land, busetnad og industri og havbruk.

Vann-nett

Lokaliteten ligg sentralt i vassførekomsten 0260040800-C Samlafjorden som har forpliktande miljømål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Ifølgje Vann-nett har vassførekomsten moderat økologisk tilstand i dag⁷. Årsaka er tilstand god for biologisk kvalitetselement makroalgar og botnfauna, og fysisk-kjemisk kvalitetselement oksygenforhold, samt dårleg tilstand for industristoffet benzoanthracene. Tilstanden for oksygen i Vann-nett er rekna ut frå eit snitt av fleire målingar frå alle målte djup, og må ikkje forvekslast med tilstand for oksygen i djupvatnet. Vassførekomsten har dårleg kjemisk tilstand med bakgrunn i dårleg tilstand for antracen, bly, kvikksølv, benzoperylen indenopyren og tributyltinnkation.

Vurdering av oksygen i djupvatnet

Oksygen er grunnleggande for biologiske og biogeokjemiske prosessar i havet. I terskelfjordar som Hardangerfjorden vil oksygenet i djupvatnet brukast opp over tid dersom det ikkje skjer jamlege djupvassfornyngar. Nedgang i oksygenkonsentrasjon kan komma av auka temperatur, auka tilførsel av organisk stoff og næringssaltar, eller ein kombinasjon av desse.

Statsforvaltaren har samla offentleg tilgjengelege målingar av oksygen i botnvatnet for dei djupaste delane av Hardangerfjorden, og finn ein negativ trend sidan 50-talet (figur 2). Måledata er tilgjengeleg i databasen Vannmiljø⁸. Målingar frå 50-talet er henta frå rapporten «The natural history of the Hardangerfjord» som vart publisert av oseanograf Odd Henrik Sælen ved Universitetet i Bergen i 1962⁹. Målingar frå 2010 er henta frå Rådgivende Biologer AS¹⁰.

Målingar frå botnvatnet i Samlafjorden viser ein kontinuerleg nedgang i oksygeninnivaet. På 50-talet var tilstanden for oksygen i botnvatnet svært god, dei siste ti åra har tilstanden vore god, og i september 2024 vart det målt oksygen under 3,5 ml/l, som gir moderat tilstand. Dette betyr at vassførekomsten ikkje lenger oppnår måla som er satt i Vassforskrifta. Når vi veit at tilstanden

⁷ Faktaark for vassførekomst 0260040800-C Samlafjorden er tilgjengelg via [Vann-Nett](#).


⁸ Måledata om miljøtilstanden i norske vassførekomststar er tilgjengeleg via [Vannmiljø](#).

⁹ *The natural history of the Hardangerfjord*. Publisert i tidsskriftet Sarsia, 1962. Tilgjengeleg via [Nasjonalbiblioteket](#).

¹⁰ *Straummålingar ved oppdrettslokalitet Saltkjelen i Kvam herad hausten 2010*. Rådgivende Biologer AS, rapportnummer 1409.



historisk har vore svært god, og at tilstanden no er i ferd med å gå frå god til moderat, er dette alvorleg brot på miljømåla i vassdirektivet.



Figur 2. Oksygeninnhald (ml/l) i botnvatnet for vassførekomster som utgjør dei djupaste delane av Hardangerfjorden. Grense mellom god og moderat tilstand (3,5 ml/l) er merka med rød stipla linje. Data frå før 2010 er skilt ut av den kontinuerlege tidslinja for betre visualisering.

Det har vore ein markert nedgang i oksygenkonsentrasjonen dei siste ti åra, og vi finn store endringar sidan 50-talet. I 1955/56 var oksygeninnhaldet på 800 m djup i snitt 5,74 ml/l. Til samanlikning var snittverdien i 2024 på 3,68 ml/l. Dette betyr at oksygenivået i djupvatnet i Samlafjorden har gått ned med 2,07 ml/l sidan 1950-talet. I 2017 var snittverdien 4,42 ml/l, noko som gir ein nedgang på om lag 0,1 ml/l per år frå 2017 til 2024. Data frå dei siste ti åra viser også at vi finn ein negativ trend lenger opp i vassøyla, på 700 m og 600 m djup. Samanlikna med data frå 50-talet har det vore ein nedgang i oksygenkonsentrasjonen i store deler av vassøyla, heilt opp til 100 meters djup.

Oksygendata frå 2025 gir grunn til å tru at det nyleg har vore ei utskifting av botnvatnet i Hardangerfjorden. Data frå 639 meters djup i Eidfjorden, ved overgangen til Samlafjorden, viser samtidig at denne utskiftinga ikkje har ført til store forbetringar av tilstanden for oksygen i indre deler av Hardangerfjorden. Oksygenmålingar frå Samlafjorden frå 2025 er venta å bli offentleg tilgjengelege i Vannmiljø i midten av mai 2026. Havforskningsinstituttet har også gjort egne målingar i Samlafjorden som tyder at den negative trenden held fram¹¹.

Det er rapportert om nedgang i oksygenkonsentrasjonen i fleire terskelfjordar på Vestlandet, og data frå Hardangerfjorden samsvarer godt med rapportar frå andre fjordsystem. Data frå Byfjorden utanfor Bergen viser stabile oksygenforhold fram til 1990-talet, men ein klar nedgang etter dette¹². På same tid har det vore ein auke i utslepp av næringssalt, og ein auke i temperaturen.

¹¹ Figur 2.13 i rapport *Hardangerfjorden under press – utslipp og miljøtilstand*. Rapport fra Havforskningen 2025-66.

¹² *Vurdering av oksygentrender i norske farvann*. NIVA-rapport, løpenummer 8040-2025.



Oksygenkonsentrasjonen i Byfjorden er godt dokumentert, og kunnskapen om utviklinga over tid er unik samanlikna med kunnskapen ein har om andre fjordsystem der historiske data ofte manglar eller er svært avgrensa. Høgare sjøtemperatur som følgje av klimaendringane fører til at fjordane toler mindre tilførsler av organisk stoff og næringssalt. Jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning gjer dette at Hardangerfjorden må vurderast som sårbar for påverknad frå organiske utslepp frå akvakulturnæringa. Produksjonen som det vert søkt om ved Ytre Samlen vil bidra til å auke den samla belastninga på Hardangerfjorden. Vår vurdering at ei auke i organiske utslepp til ein resipient som allereie er belasta ikkje er forsvarleg.

Vurdering av eutrofiering

Auka tilførsel av oppløyste næringssalt gir grunnlag for meir vekst av både trådforma opportunistiske algar (lurv) i strandsona og planteplankton i dei øvre vasslaga. Denne ekstra plantebiomassen vert broten ned av naturlege prosessar etter vekstsesongen. Nedbrytinga krev oksygen – både i vassøyla og på botn – og kan dermed forsterke eksisterande oksygenproblem i fjorden. Klimaendringar bidreg òg, gjennom meir avrenning (med næring og humus), høgare temperatur og lengre vekstsesong.

Den dokumenterte tilstanden for makroalgar i Hardangerfjorden har dei siste ti åra vore god og svært god¹³. Kartlagde områder i Samlafjorden viste svært god tilstand i 2008/2009, og god tilstand i 2024. Lurveartar som er kjente indikatorar for eutrofi vart nyleg ekspertvurdert og definert¹⁴, og ny kunnskap gjer at vi ikkje kan utelukke at indikatorar for eutrofi på makroalgesamfunn i strandsona ikkje har vore godt nok definert og inkludert i metodar for klassifisering av økologisk tilstand. Metode for tilstandsvurdering av makroalgesamfunn er under utvikling¹⁵. Kartlegging etter ny metode i 2024 viste tilstand moderat og dårleg for makroalgesamfunn i indre deler av Hardangerfjorden, inkludert Samlafjorden. Stasjonar i Sildafjorden og Husnesfjorden viste god tilstand, sjølv om det også her vart registrert lurv¹⁶.

Den dokumenterte tilstanden for planteplankton målt som klorofyll-a i øvre vassmassar i Hardangerfjorden har dei siste ni åra vore god og svært god, og kartlagde områder i Samlafjorden har i sju samanhengande år vist god og svært god tilstand¹⁷. Vår vurdering er at data er for få og for nye til å vise historiske trendar, men dagens miljøtilstand for klorofyll-a vurderast som tilfredsstillande. Store naturlege variasjonar mellom år understrekar behovet for lengre tidsseriar. Modellerings frå Havforskningsinstituttet viser at auka tilførsler av næringssalt frå eksisterande og planlagde akvakulturanlegg kan gi høg risiko for eutrofiering fleire stader i Hardanger, inkludert deler av Samlafjorden¹⁸. Utsleppa som det vert søkt om ved Ytre Samlen inngår i modelleringa.

Vurdering av utslepp av framandstoff

Oppdrettsnæringa bidreg med utslepp til miljøet gjennom fôr, legemiddel og impregneringsstoff på nøter. Nøter vert impregnert med tungmetall og biocid for å hindre groe, og sink og kopar er essensielle spormineraler som vert tilsett i fôret for å sikre god fiskehelse, vekst og utvikling. Svært

¹³ *Hardangerfjorden under press – utslipp og miljøtilstand*. Rapport fra Havforskningen 2025-66.

¹⁴ *Hva er lurv? Er all lurv indikator for dårlig økologisk tilstand?* NIVA-rapport, løpenummer 7968-2024.

¹⁵ *Revidert felt- og beregningsmetodikk for Komboinndeksen (makroalger). For bruk inntil inkludering i Veileder for klassifisering av miljøtilstand i kyst- og ferskvann*. NIVA-rapport, løpenummer 8101-2025.

¹⁶ *Overvåkningsprogram for Hardangerfjorden 2024-2026*. Rapport frå Multiconsult, dokumentkode 10254166-01-RIM-RAP-001.

¹⁷ *Hardangerfjorden under press – utslipp og miljøtilstand*. Rapport fra Havforskningen 2025-66.

¹⁸ Figur 4.7 i rapport *Hardangerfjorden under press – utslipp og miljøtilstand*. Rapport fra Havforskningen 2025-66.



lite vert tatt opp i fisken, og det meste hamnar i miljøet. Sink og kopar akkumulerer i sedimenta over tid, og betring av miljøforholda vil ta lang tid til trass for reduserte utslepp. Sink og kopar hopar seg i hovudsak opp under og ved merdane, men kan også medverke til redusert tilstand i resipientane. Havforskningsinstituttet har rekna ut at fôrforbruket i Hardangerfjorden var 115 tonn i 2021/2022, noko som utgjer utslepp av om lag 13,6 tonn sink og 1 tonn kopar til Hardangerfjorden per år¹⁹. Vi har ikkje kjennskap til kva notimpregnering som vert nytta ved det enkelte anlegg, og kor ofte nøtene vert spylt. Vi veit difor ikkje kor høge utslepp det er av kopar, sink og biocid frå notimpregnering til Hardangerfjorden.

Historisk har det vore store sinkutslepp til Hardangerfjorden frå industrien inst i Sørfjorden. I 1985 var utsleppa på heile 1830 tonn. Strengare regulering og utvikling av reinseteknologi har medverka til utsleppsreduksjon, og rapporterte utslepp i 2023 var 2 tonn. Det utgjer ein reduksjon på 99,9%. Spora etter dei store utsleppa på 80-talet ligg att i sedimenta i Hardangerfjorden heilt ut til Tysnes. Vassførekomst Samlafjorden har i følgje Vann-nett i dag god tilstand for sink i sediment, med ein snittverdi på 138,5 mg/kg tv. Snittverdien er rett under grensa for moderat tilstand, som er ved 139 mg/kg tv²⁰. Som følgje av dei historisk høge sinkutsleppa er det høge nivå av sink i dei djupaste partia av fjorden. Det er lågare sinkinnhald i sedimentet på grunnare område, samstundes som det skjer ei opphoping av sink nær oppdrettsanlegga. Vassførekomsten oppnår ikkje måla i vassforskrifta når ein ser på sinkinnhald i sedimentet i dei djupaste partia av fjorden.

Den omsøkte produksjonen ved Ytre Samlen vil medføre auke i utslepp av sink. Vår vurdering er at sinkutsleppa i hovudsak vil sedimentere i ei avgrensa avstand frå anlegget. Utsleppa av sink kan over tid bli spreidde over større avstandar slik vi har sett for sinkutsleppa frå industrien i Sørfjorden. Dei samla utsleppa av sink frå akvakulturnæringa til Hardangerfjorden er betydelege og utgjer ein risiko for forverring av resipientar som i dag har ein uakseptabel tilstand for sink.

Kopar har i lang tid blitt nytta for å hindre groe på nøtene. Det høgaste forbruket på landsbasis var i 2019 oppe i 1698 tonn, eller om lag eit gram kopar pr kg fisk som vart produsert. Bruken av kopar i notimpregneringa er blitt kraftig redusert dei siste åra. Lingalaks har fasa ut koparimpregnerte nøter, og planlegg å nytte koparfrie nøter ved lokalitet Ytre Samlen. Det er eit godt tiltak at verksemda nyttar koparfrie nøter, jf. naturmangfaldlova §12 om miljøforsvarlege teknikkar, men vi har lite kunnskap om korleis nye alternative impregneringsstoff verkar på miljøet. Kva notimpregnering ein ser for seg å bruke ved Ytre Samlen er ikkje spesifisert i søknaden.

Ei gransking gjort av NIVA i 2025²¹ synte at stoffa som blir nytta til notimpregnering og middel nytta til nedkjemping av lakselus, blir funne under og ved merdane i mengder som kan vere skadelege for miljøet, sjølv i lang tid etter at dei har blitt nytta. Der behov for meir kunnskap om utslepp og verknader på miljø frå bruk av desse stoffa. Nye krav til overvaking av vassregionspesifikke stoff som blir slepte ut på lokaliteten²² har avdekket høge nivå av dei fôrbaserte lusemidla teflu- og diflubenzuron i sediment, også i stor avstand frå lokalitetane. Vassførekomststar der teflu- og diflubenzuron i sediment har blitt kartlagt er i brot med miljømåla i vassforskrifta.

¹⁹ *Hardangerfjorden under press – utslipp og miljøtilstand*. Rapport fra Havforskningen 2025-66.

²⁰ *Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota – revidert 30.10.2020*. Veileder frå Miljødirektoratet, M-608|2016.

²¹ Screening Programme 2024. Niva rapport 8133-2025. Tilgjengeleg via miljodirektoratet.no.

²² §40 c i akvakulturdriftsforskrifta. Tilgjengeleg via [akvakulturdriftsforskriften](https://lovdata.no/dokument/SST/lov/2016-06-17/131)



Vurdering av uttale frå Kvam herad

Heradsstyret i Kvam har i sitt vedtak bedt om at fleire vilkår som gjeld forureining vert teke med i etableringa av akvakultur. Statsforvaltaren er forureiningsstyresmakt og sett vilkår som gjeld forureining når vi gjev utsleppsløyve.

Heradsstyret har bedt om at det setjast krav til nullvisjon for alle typar utslepp så snart det er mogleg. Når Statsforvaltaren vurderer om verknaden på miljøet er akseptabel må vi basere oss på dagens kunnskap om kva som er mogleg å oppnå. Lukka/semi-lukka teknologi kan redusere utslepp gjennom slamoppsamling, og val av nøter og fôr verkar inn på kva miljøfarlege stoff som vert sloppe ut i miljøet. Teknologien for slamoppsamling frå lukka/semilukka anlegg i sjø er i dag den same som for anlegg på land. Erfaringsdata som Statsforvaltaren har samla viser at landbaserte akvakulturanlegg med slamoppsamling i Vestland i snitt reduserer utslepp av nitrogen med om lag 13 %, fosfor med om lag 36 % og total organisk karbon (TOC) med om lag 38 %, men det er store skilnader mellom anlegg²³. Til trass for store skilnader så finn vi ingen anlegg som oppnår ein stor utsleppsreduksjon på nivå med nullutslepp.

Heradsstyret ber om at det setjast krav til oppfølging og dokumentasjon av utsleppa frå lokaliteten i høve til sårbar natur i nærområdet. Vi har per i dag ikkje etablerte metodar for å overvake sårbar natur tett på akvakulturanlegg. Forsking på feltet har vist at dagens metode for kartlegging ved bruk av undervassdrone ikkje er eigna til å dokumentere påverknad ettersom den visuelle endringa blir synleg først når skaden er irreversibel. Ved tildeling av nye lokalitetar der det vert funne sårbar natur med stor verdi, som ved Ytre Samlen, vurderer vi at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova vert gjeldande, og må avslå søknaden.

Vurdering av samfunnsnytte

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdier for Noreg. Lokalitet Rossholmen vert i dag nytta som ein visningslokalitet med om lag 11 000 besøkande årleg, og er knytt til visningsaktivitet på Akvasenteret i Øystese. Verksemda ynsker å flytte visningslokaliteten til Ytre Samlen som ligg nærare Øystese, og bygge eit visningsanlegg med dagens storleik for sjømatproduksjon av laks.

Merknader som vart sendt inn under offentleg ettersyn av søknaden viser at det er konflikt med reiseliv og lokalsamfunn, og at det er lokalt engasjement for å ivareta fjordmiljøet med tilhøyrande artsmangfald. Anlegget er tenkt plassert ved Kvamsøy som vert nytta som friluftsområde. Reiselivsnæringa fryktar at eitt nytt anlegg ved Ytre Kvamsøy vil øydelegge næringsgrunnlaget. For befolkning og hytteeigarar er tilgangen til uforstyrra natur og friluftsområde verdifullt for trivsel og helse. Anlegget legg beslag på sjøareal, noko som vil avgrense moglegheitene til fritidsfiske, bading og båtliv for allmenta.

Statsforvaltaren ser fordelane Lingalaks AS vil få ved å flytte visningslokaliteten til eit nytt og større anlegg som ligg nærare Øystese. Anlegget vil vere meir representativt for dagens produksjon i sjø samanlikna med den eldre og mindre lokaliteten Rossholmen. Innsendte merknader viser samtidig at anlegget vil vere i konflikt med andre brukarinteresser, noko som også speglar seg i uttalen frå Kvam herad der det vert stilt urealistiske forventningar til utsleppsreduksjon og overvaking av påverknad på sårbar natur. Statsforvaltaren har vurdert at det føreligg ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på sårbar natur, og ser ein negativ trend for oksygen i djupvatnet i

²³ [Reinseeffektar i akvakulturanlegg | Statsforvaltaren i Vestland](#)



Hardangerfjorden. Auka produksjon og utslepp til fjorden vil bidra til å forsterke den negative trenden. Vår vurdering er at omsynet til natur og miljø må vege tyngst i denne saka.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering gir Statsforvaltaren avslag på søknad etter forureiningslova § 11 om løyve til akvakultur ved Ytre Samlen i Kvam herad.

Klagerett

Lingalaks AS Blom Settefisk AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KVAM HERAD
MATTILSYNET

FISKERIDIREKTORATET

Katharina og Silvio Eckl
Øystese Jeger- og fiskarlag

Grovagjelet 16
Felles postmottak
Postboks 383
Postboks 185
Sentrum

5600 NORHEIMSUND
2381 BRUMUNDDAL
5804 BERGEN



Grønn Markedskontakt/Hardanger fjordtun
v.Sverre A Stakkestad

Naturvernforbundet i Kvam v. Oddvar Soldal
Ottar Byrkjeland

Ålvik og Ytre Ålvik grendeutval v. Liv Lofthus

Are Gram Økland, Grunneigar på Kvamsøy

Naturvernforbundet i Hordaland og

Naturvernforbundet i Kvam

Norges Miljøvernforbund v. Arne Roger Hansen

Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag v.

Arild Alvsåker

Torstein Halstensen

Øystein Søbstad og Siri Hellesøy

Fiskarlaget Vest

KYSTVERKET

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 1502

Postboks 5091

Majorstua

Askedalen 2

6025 ÅLESUND

0301 OSLO

6863 LEIKANGER